



Nordhordland Eiendomsmegling As  
Kvernhusaugane 10  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8329 - 22/92890

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.12.2022

## **Innvilga konsesjon for overtaking av eigedom - gbnr 462/3 Kolås**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1387/22**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Teresa Christiansen for overtaking av gbnr 462/3/ på Kolås i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 3 350 000.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga over.**

**Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjarane vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.**

### **Saka gjeld**

Teresa Christiansen søker konsesjon for overtaking av GBNR 462/3 på Kolås i Alver. Tidlegare eigar er Karine Straume. Kjøpesummen er oppgitt til å vera kr 3 350 000.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå kommunedirektøren. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

Føremålet med kjøpet er å busetja seg på bruket å bruka beita til egne ponnar og i samarbeiding eller skiftebeiting med sauene til nabo. Søkjar har hatt landbrukseigedom på Vestre Toten i 10 år, og drive med gamalnorsk spæl og alpakka.

### **Fakta om bruket**

Planstatus:

Konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde)

Eigedomen har våningshus bygd i 1890/2014 i middels til god stand  
Fjøs og garasje med ukjent byggeår i dårlig stand.

Nibio gards kart syner at eigedomen er registrert med 3,5 daa fulldyrka areal. 6,5 daa overflate mark og 48,6 daa innmarksbeite. 32,3 daa er produktiv skog og 6,6 daa er anna markslag og 2,4 daa er bebygd/samferdsel. Sum eigedom er 100,2 daa jf matrikkel.

Eigedomen er for tida ubebudd, men ein nabo steller jordbruksarealet og har dyr på beite.

## **VURDERING:**

Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggst særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. *om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*

Det går fram av rundskriv M1/2021 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 daa fulldyrka eller overflatedyrka jord og skal nyttast til landbruksføremål ikkje skal pris vurderast. Denne eigedomen fell inn under dette.

2. *om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området*

Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 100 daa. Den har mindre enn 35 daa fulldyrka og overflatedyrka, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplikt. Det er positivt at søkjar vil busetja seg der, men i tråd med gjeldande forvaltningspraksis vert det ikkje sett vilkår om buplikt

3. *om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing*

Eigedomen har lite slåttemark, men gode beiteressursar. Det er positivt at søkjar vil sørge for at jorda vert halde i hevd. Bruket er brattlend, men kombinasjonen av beiting med sau og ponni vil bidra til å ta vare på det velstelte kulturlandskapet.

Kommunedirektøren vurderer at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing.

Får 01. juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan eitt år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet.

4. *om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.*

Søkjar har oppgjeve at ho har drive gard med sau og alpukka i 10 år. Kommunedirektøren vurderer ho som skikka til å drive eigedomen.

5. *Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttingsevne vert teke vare på. Søkjar vil bu på garden og sørge for at jorda vert stelt, dette er viktig for å ivareta

